

# Prop. 149 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Finansiering av fv 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 21. september 2012,  
godkjend i statsråd same dagen  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om finansiering av fylkesveg 545 ved forlenging av eksisterande bompengeinkrevjing på ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg med to år. I tillegg til bompengar er det lagt til grunn fylkeskommunale midlar. Delar av dei fylkeskommunale midlane er føresett forskottert av lokalt næringsliv.

Fv 545 går på vestsida av Stord. Delar av vegen er smal og svingete. Vegen er einaste omkjøringsveg dersom E39 må stengast. Det er eit mål å gjera vegen tryggare for gåande og syklande ved å etablera gang- og sykkelveg. Fv 545 er tilkomst til E39 for dei fleste innbyggjarane i Fitjar kommune, tilkomstveg til kommunesenteret i Fitjar og lokalveg mellom Fitjar og Sagvåg. Utbygginga av vindmølleparken på Midtfjellet i Fitjar som har starta opp i 2012, har aktualisert behovet for å rusta opp fv 545. Bompengesøknaden for «Bompengepakken Stord vestside» er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Statens vegvesen og Fitjar og Stord kommunar.

### 2 Bakgrunn


Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 1 (2001-2002) slutta Stortinget seg til delvis bompengefinansiert

utbygging av delstrekningar på E39 på Stord mellom Borevik, like sør for Jektevik, og Sandvikvåg. Innkrevjinga skulle gjennomførast ved påslag på ferjetakstane på sambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg. Bompengeinkrevjinga starta opp i 2002 og var føresett avslutta ved utgangen av 2008. Det blei lagt til grunn at 50 pst. skulle finansierast med bompengar og 50 pst. med statlege midlar. Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 1 (2008-2009) blei bompengeperioden utvida med fire år til utgangen av 2012. I Prop. 1 S (2009-2010) blei det lagt til grunn at staten skulle oppretthalda sin del på 50 pst. av finansieringa. Etter dette er den samla økonometiske ramma for utbygginga av E39 på Stord om lag 420 mill. kr, omrekna til 2012-prisnivå.

Det er rekna med at utbygginga innafor fastsett økonomisk ramme vil halda fram til 2015. Den fastsette ramma er likevel ikkje tilstrekkeleg til å byggja ut alle attståande delstrekningar på E39 mellom Borevik og Sandvikvåg.

### 3 Omtale av aktuelle prosjekt og tiltak på fv 545

Det er aktuelt å gjennomføra følgjande fire prosjekt:



Figur 3.1 Oversiktskart

### 1. Fitjar sentrum – Rimbareid

Prosjektet omfattar utbetring av eksisterande veg til tofelts veg og bygging av gang- og sykkelveg langs fv 545. Det er ein føresetnad for etableringa av Midtfjellet vindmøllepark at strekninga blir utbetra. Lengda er 1,2 km.

### 2. Sagvåg bru

Her er det lagt opp til å utvida eksisterande bru med ny kjørebane. Tilførslevegen til bruva skal utbetraast på ei om lag 100 m lang strekning. Vidare skal eksisterande gangbru utbetraast.

### 3. Ei strekning ved kommunegrensa Stord - Fitjar

Prosjektet omfattar ei strekning på om lag 2 km. Det er lagt opp til breddeutviding på delar av


strekninga. Grøftene må utbetraast og sidehinder fjernast.

### 4. Rimbareid - Vik

Prosjektet omfattar utbetring av eksisterande veg til tofelts veg og bygging av gang- og sykkelveg langs fv 545. Lengda er om lag 1,2 km.

Kostnadene ved å gjennomføra alle fire prosjekta er førebels rekna til om lag 70 mill. kr. Det er stor uvisse ved kostnadene, m.a. fordi reguleringssplanen skal reviderast.

Prosjekt nr. 1 blir gjennomført i 2012 med forsoterte midlar. Dei andre prosjekta blir starta opp når finansieringa er avklart.



Figur 3.2 Kart som viser prosjekt

#### 4 Lokalpolitisk behandling

Hordaland fylkesting behandla opplegget for bompengesøknaden i møte 7. juni 2011 og fatta følgjande vedtak:

1. Fylkestinget godkjener at Midtfjellet Windmøllepark AS får forskottera inntil 10 mill. kr til oppgradering til tofelts veg og etablering av gang- og sykkelveg langs vegen mellom Rimbareid og Fitjar sentrum.
2. Refusjonstidspunktet vert fastsett i samband med handsaminga av Handlingsprogram 2014-

2017 (23) for fylkesvegnettet i Hordaland. Forskotteringen vert refundert utan kompensasjon for renter eller prisauke.

3. Fylkestinget går inn for å løyva 7,5 mill. kr til Bompengepakken Stord vestside. Endeleg løying vert gjort i samband med handsaminga av fylkesbudsjettet og økonomiplanen.
4. Fylkestinget gjev tilslutnadt til at utkast til søknad om delvis bompengefinansiering av Bompengepakken Stord vestside frå 15.04.2011 vert sendt ut på høyring til kommunane Stord, Fitjar og Os.

Saka blei deretter lagt fram for kommunane Fitjar, Stord og Os.

Fitjar formannskap behandla saka i møte 21. september 2011 og fatta følgjande vedtak (samrøystes):

«Fitjar formannskap stiller seg bak «Søknad om delvis bompengefinansiering av «Bompengepakken Stord vestside», slik den ligg føre.»

Stord formannskap behandla saka i møte 31. august 2011 og fatta følgjande vedtak:

«Stord formannskap stiller seg bak Søknad om delvis bompengefinansiering av Bompengepakken Stord vestside slik den ligg føre.

Formannskapet ber om at ein vurderer ei planfri kryssing for mijuke trafikantar i samband med utbetring av Sagvåg bru.»

Os formannskap behandla saka i møte 6. september 2011 og fatta følgjande vedtak:

«Os formannskap har 6. september 2011 handsame høyringssak vedk. eventuell utviding av perioden for bompengeinnkreving på ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg. For Os kommune er E39 først og fremst viktig som stamveg Bergen - Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutta innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2012. I denne samanheng vil Os kommune gjera merksam på at innkrevingsperioden allereie har vore utvida i høve til opphavleg plan.»

Hordaland fylkesting behandla saka i møte 18. oktober 2011 og fatta følgjande vedtak:

«Fylkestinget gjev tilslutnad til at «Søknad om bompengefinansiering av Bompengepakken Stord vestside», datert 21.06.2011 vert oversendt Vegdirektoratet for vidare handsaming.»

## 5 Finansieringsopplegg

Finansieringa av utbygginga er basert på bompengar og fylkeskommunale midlar. Delar av dei fylkeskommunale midlane er føresett forskottert av lokalt næringsliv.

### Fylkeskommunale midlar

Det er lagt til grunn 18 mill. kr i fylkeskommunale midlar, omrekna til 2012-prisnivå. Av desse midlane skal 8 mill. kr løvvast i samband med fylkeskommunen sine budsjett og økonomiplan. 10 mill. kr er føresett forskottert av Midtfjellet vindkraft AS. Refusjonstidspunktet skal fastsetjast i samband med behandlinga av handlingsprogrammet for fylkesvegnettet i Hordaland 2014-2017 (2023).

### Bompengar

Det er lagt til grunn at bompengeinnkrevinga skal starta opp 1. januar 2013 som ei direkte vidareføring av dagens innkreving på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg. Det er lagt til grunn ein bompengeperiode på to år for å finansiera opprustinga av fv 545. Bompengetakstane vil utgjera differansen mellom takstsone 22 og takstsone 27, tilsvarende dagens bompengeordning. Bompengetakstane (påslaget på ferjebilletten i 2012) varierer med lengda på kjøretøyet frå 27 kr til 127 kr før evt. rabatt. I 2011 var gjennomsnittleg inntekt pr. passering om lag 24 kr. Årsdøgntrafikken (ÅDT) på ferjesambandet var 2 435 kjøretøy i 2011. Det er rekna med netto bompengeinntekter på vel 20 mill. kr pr. år, eller 41 mill. kr over to år.

Hordaland fylkeskommune er bompengeselskap for dagens bompengeordning. Det er lagt opp til at fylkeskommunen skal vera bompengeselskap også ved vidareføringa.

Dagens retningslinjer for bompengeprosjekt føreset at det skal vera samanheng mellom nytte og betaling. Dei som betalar bompengar skal ha nytte av det aktuelle vegprosjektet. Denne samanhengen går også andre vegen, slik at dei som har nytte av eit vegprosjekt også skal betala bompengar, jf. St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019, side 86. Det aller meste av trafikken på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg skal vidare på E39, men ein del av trafikken er reisande mellom Fitjar og Bergensområdet. Ut frå dette, og det at fv 545 er einaste omkjøringsveg dersom E39 må stenga, er det difor rimeleg at ein del av bompengane som blir kravd inn på ferjesambandet blir nytta på fv 545. Det er rekna med at trafikken til og frå Fitjar er i storleiksorden 15 pst. av trafikken på ferjesambandet. Årsdøgntrafikken på fv 545 er om lag 1 100 kjøretøy.

Innkrevjingskostnadene er i dag 1 pst. av brutto bompengeinntekter og utgjer om lag 0,2 mill. kr pr. år. Det er lagt til grunn at innkrevjingskostnadene vil halda fram på det same nivået.

### *Forslag til finansieringsplan*

Det er lagt til grunn ei samla økonomisk ramme på 59 mill. kr i 2012-prisnivå. Det er ikkje lagt til grunn låneopptak.

Bompengepakkar er meir fleksible enn bompengeopplegg for enkeltprosjekt. Utbygginga av dei fire strekningane er ikkje fullfinansiert pr. i dag. Omfanget av utbygginga må tilpassast den økonomiske ramma. Det skal oppretta eit «kontaktutval» med representantar frå Hordaland fylkeskommune, Fitjar kommune, Stord kommune og Statens vegvesen. Kontaktutvalet si oppgåve blir å sikra prioritering, framdrift og finansiering for prosjekt og tiltak i bompengepakken.

## **6 Samferdselsdepartementet si vurdering**

Samferdselsdepartementet tilrår opplegget med forlenging av bompengeinnkrevjing på ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg for å delfinansiera prosjekt på fylkesveg 545 i Fitjar og Stord kommunar. Delar av vegen er smal og svingete, og det er behov for utbetring. Departementet føreset at bompengar som blir kravde inn frå og med 1. januar 2013 blir øyremerka fv 545.

Samferdselsdepartementet vil peika på at det er stor uvisse ved kostnadsoversлага som ligg føre, m.a. fordi reguleringsplanen skal reviderast. Dei aktuelle prosjekta er ikkje fullfinansierte.

Omfanget av utbygginga vil bli tilpassa den økonomiske ramma. Sidan utbygginga omfattar fleire mindre prosjekt, bør det ikkje vere problematisk å tilpassa utbygginga til tilgjengelege midlar.

Os kommune har gått i mot finansieringsoppdraget for fv 545. For Os kommune er E39 først og fremst viktig som stamveg mellom Bergen og Stavanger. Samferdselsdepartementet meiner at ut frå samanhengen mellom nytte og betaling er det rimeleg at det blir nytta bompengar også på fv 545. Innkrevjingstida er dessutan avgrensa til to år. Departementet legg til grunn at det er tilstrekkeleg lokalpolitisk tilslutning til opplegget.

## **7 Avtale**

Etter at Stortinget har fatta vedtak om finansiering av fv 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland, vil det bli inngått tilleggsavtale mellom Statens vegvesen Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med dei vilkåra som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i 1 r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om finansiering av fv 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om finansiering av fv 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### **til vedtak om finansiering av fv 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland**

I

1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å krevja inn bompengar til delvis bompengefinansiering av fv 545 i Fit-

- jar og Stord kommunar i Hordaland. Vilkåra framgår av denne proposisjonen.
2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetja nærmere reglar for finansieringsordninga.
- 
-



Trykk: A/S O. Fredr. Ansen. September 2012



241491